



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/631 - 20/26311

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
07.05.2020

## **Oversender vedtak til endeleg klagebehandling ved settesfylkesmann - gbnr 338/76 Refskar**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 338/79  
Tiltakshavar/eigar: Rune Skaar  
Klagar: Fylkesmannen i Vestland  
Utsatt iverksetting: Ja

### **Saka gjeld:**

Saka gjeld klage på vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø, sak 20/631, datert 05.02.2020, om dispensasjon frå arealformål og byggeforbodet i strandsona for opparbeiding av veg over gbnr 338/3 fram mot naustet på gbnr 338/76.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som landbruks-, natur- og friluftformål (LNF-formål).

Eigedomen ligg innanfor byggeforbodet i strandsona, som vist i kartet til kommuneplanen sin arealdel.

### **Historikk**

Det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå arealformål og byggeforbodet i strandsona for opparbeiding av veg over gbnr 338/3 fram mot naustet på gbnr 338/76 i delegert vedtak datert 29.11.2019.

Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar i skriv, datert 21.12.2019.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.02.2020, der saka vart utsatt med synfaring i neste møte. Utval for areal, plan og miljø var på synfaring på eigedomen den 11.03.2020. I møte den 11.03.2020 gav Utval for areal, plan og miljø klagar medhald.

Utval for areal, plan og miljø fatta følgjande vedtak:

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

**«APM- 034/20 Vedtak:**

Utval for areal, plan og miljø tek klagen til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og frå byggeforbodet i strandsona for opparbeiding av veg over gbnr 38/3 fram mot naustet på gbnr 38/76.

Dispensasjon for omsøkt tiltak vert gjeve på følgjande vilkår:

- Veggen vert avslutta med ein biloppstillingsplass ca 30 meter frå sjøbua.»

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Vestland den 24.03.2020.

I skriv datert, 26.03.2020 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av vedtaket.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 29.04.2020, der Alver kommune sitt vedtak datert 11.03.2020 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje:

**«APM- 062/20 Vedtak:**

APM tek ikkje klagen til følgje men opprettheldt vedtaket gjort 11.03.2020 i Areal Plan og Miljø Alver; Utval for areal, plan og miljø tek klagen til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og frå byggeforbodet i strandsona for opparbeiding av veg over gbnr38/3 fram mot naustet på gbnr38/76.

Dispensasjon for omsøkt tiltak vert gjeve på følgjande vilkår:

- Veggen vert avslutta med ein biloppstillingsplass ca 30 meter frå sjøbua.»

**Motstrid i vedtak APM- 062/20**

I vedtaket frå Utval for areal, plan og miljø i møte den 29.04.2020 er det skrevet motstridande opplysningar om at klagen både ikkje vert tatt til følgje og at klagen vert tatt til følgje.

Administrasjonen legg til grunn at klagen frå Fylkesmannen i Vestland ikkje vert tatt til følgje og at det beror på ein inkurie(openbar feil) at det står at klagen vert tatt til følgje. Vi viser her til at det vert gjeve dispensasjon samt at grunngjevinga av vedtaket klargjer at klagen ikkje vert tatt til følgje:

«Vedtaket vert grunngjeve med at tiltaket ikkje kjem i vesentleg konflikt med friluftsliv, landskap eller andre miljøinteresser på staden. Veien blir lite synlig frå sjøsida, då den er planlagt i terreng. Slike vegar kan nyttast av ålmenta. Veggen kan ha nytteverdi for hovedbruket ved skogbruk og pleie av kulturlandskapet. Utvalget var på synfaring og ut frå ei samla vurdering meiner difor APM at fordelene med omsøkt tiltak er klart større enn ulempene, og at det difor kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.»

I tillegg er grunngjevinga i vedtaket APM-062/20 er den same som i vedtaket for APM den 11.03.2020 APM -034/20, der tiltakshavar sin klage vart tatt til følgje.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om dispensasjon for opparbeiding av veg til naust - gbnr 338/76 Refskar  
Klage på avslag om dispensasjon for opparbeiding av veg til naust - gbnr 338/76 Refskar  
Avslag - GBNR 38\_76 - Søknad om dispensasjon for opparbeiding av veg til naust - Refskar  
Uttale til dispensasjonssøknad frå Landbruk- gbnr 38\_76 Refskar  
Dispensasjonssøknad i samband med søknad om bygging av veg til sjøhustomt - gbnr 38\_76  
Kart til dispensasjonssøknad - gbnr 38\_76  
Avtale om vegrett- gbnr 38\_76  
Nabovarsel - gbnr 38\_76  
Klage på avslag om dispensasjon - GBNR 338/76 Refskar  
E-postmelding - Klage på vedtak i sak 19\_1774  
IMG\_0102  
IMG\_0104 - Bilde  
VS Bilder knytta disp  
IMG\_0107 - Bilde  
Bilder knytta til dispensasjonssøknad GBNR 38/76  
IMG\_0106 - Bilde  
IMG\_3928  
IMG\_3929  
Dispensasjonssøknad i samband med søknad om bygging av veg til sjøhustomt GBNR 38/76  
E-postmelding - Tilleggsopplysningar til søknad GBNR 38/76  
Gbnr 338\_76 - Søknad om dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad for gbnr 38\_23 og 24  
Gbnr 338\_76 - søknad om landbruksveg - gbnr 38\_2 Refskar  
Gbnr 338\_76 - Nordhordland 2018 - illustrert tilkomstveg og bilete  
Gbnr 338\_76 - Nordhordland i bilder - gbnr 38\_23 og 24  
Gbnr 338\_76 oversikt -illustrert landbruksveg  
Uttale - Meland - 38/76 - Refskar - oppføring av veg - dispensasjon  
Uttale til dispensasjonssøknad - GBNR 38/76 - Meland kommune - Refskar- veg i LNF og 100 meters belte  
AcosSvarlInn.xml  
Klage - oppføring av veg - dispensasjon - GBNR 338/76 Refskar  
Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 338/76 Refskar

**Kopi til:**

Rune Lekven Skår	Ådlandsvegen 905	5919	FREKHAUG
Rune Lekven Skår	Ådlandsvegen 905	5919	FREKHAUG

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------